


Kjærland Gard utvider driftsbygningen.

15.08.2016



Møkakjellaren er under arbeid, og Anbjørn og Sivert er fornøgde.

I desse dagar har dei starta med tilbygget på driftsbygningen på garden til Margun Eik og Anbjørn Høivik på Kjærland. Med tilbygget vert det også omlegging av drifta. Det vert slutt på utegangarstorfeet Aberdeen Angus. Til gjengjeld vert det fleire sauер på bruket.



Anbjørn ved den nye forautomaten som er plassert i den gamle delen av sauefjøset.

Anbjørn Høivik fortel at tilbygget vert på 300 m<sup>2</sup> fordelt på 2 plan. Det vert utviding av sauefjøset samt verkstad i botnplanet medan det vert låve og reiskapshus i etasjen over. Når bygget er ferdig vert det areal til 90 vinterfora sauер, men Høivik seier at dei no vil ha meindre enn det, 50-60 vinterfora.

- Men vi vil ha god plass under lembinga, legg han til.

Med denne bygginga vert driftsbygninga forlenga med 15 m frå 12 m i dag til 27. Det er JD Bygg frå Forsand som har totalentrepisen, og dei er no i gang med forskaling og støyping av møkakjellar. Dei har spesialisert seg på gardsbygningar, og dei har også hatt oppdrag her i dalen tidlegare.

Gardsfolket har stått for utgravinga sjølv. Der er dei heldige og har profesjonelle folk sjølv i tillegg til eigen maskin. Elstesonen Sivert jobbar hos Dimmelsvik Entreprenør AS og han er godt i gang med læretida som maskinkøyrar.

I tillegg til nybygget gjer dei også ein stor restaureringsjobb i det gamle sauefjøset. Strekkmetallgolvet som hadde lege frå 1984, var slite. Dette er reparert og fornya. Berre reingjeringa før sveisearbeid og lakking er ein kjempejobb.

- Det er det stort sett svigermor som har gjort, fortel Anbjørn og rosar den fantastiske hjelpa frå svigerforeldra og resten av familien.

Eg må sei eg er storleg imponert over det flotte arbeidet som er gjort med det 32 år gamle strekkmetallgolvet. Sjølv om eg hadde dei beste kontaktlinsene på meg, hadde eg ikkje mulighet til å sjå skilnad på det gamle, oppatpussa strekkmetallet og det som var kjøpt nytt!!

Stofeet er selt. Om ca. 14 dagar flyttar Angusen frå Kjærland til Skånevik.

- Det vert nok ein litt kjiп dag, men så kjem det noko nytt, avsluttar Anbjørn Høivik.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.